



Arkivnr: 2014/13790-7
Saksbehandlar: Arthur Kristian Arnesen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.02.2015

Næringsretta midlar til regional utvikling, - Godkjenning av Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014

Samandrag

Etter at fylkesrådmannen orienterte fylkesutvalet i mai 2014 om opplegg for forvaltning av kompensasjonsmidlane for 2014 blei det gjennomført ein søknadsrunde med søknadsfrist i september 2014.

På bakgrunn av innkomne søknader har styringsgruppa utarbeidd ein «Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014» som blei sendt fylkeskommunen i november 2014. Regionalt næringsforum tilrår at fylkesutvalet godkjenner planen.

Planen har ein økonomisk ramme på kr 48,979 mill kr. (45,4 mill kr i statlege midlar og 3,579 mill kr netto i opptente renter for 2013). Den prioriterer dei innkomne søknadane og fastsett økonomiske rammer for bruken av midlane på 11 prosjekt og tiltak knytt til infrastruktur og 5 knytt til kompetanse. I tillegg er det sett av midlar til bygging av Hardangerbadet.

Planen inneheld også ein oversikt over 16 prosjekt og tiltak som ikkje blei prioritert med grunngjeving.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014. Unyttige midlar for Kvam herad blir overført til tiltaket «Tilrettelegging for infrastruktur i Kvam».

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.02.2015

Innleiing

Frå 1. januar 2007 fekk fleire av dei kommunane som hadde fått full arbeidsgivaravgift i 2004, gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift. Dei kommunane frå 2004 som ikkje fekk gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift, held fram i kompensasjonsordninga. Dette gjeld dei 7 kommunane Modalen, Kvam, Jondal, Tysnes, Kvinnherad, Etne og Bømlo.

Denne saka gjeld 2014 løyvinga til denne ordninga for dei syv kommunane.

Tidlegare handsaming

I samband med handsaminga av kompensasjonsordninga for 2013 den 20. februar 2014 (PS 34/2014) blei det gjort slikt vedtak:

1. *Fylkesutvalet godkjenner Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013 med unntak av prosjektet "Storeteigen – næringsarena". Midlane avsett til dette prosjektet blir overført til tiltaket "Tilrettelegging for infrastruktur i Kvam".*
2. *Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med eit forslag til forvaltning av kompensasjonsmidlane i perioden 2014 til 2020.*

I eit notat til fylkesutvalet 20. mai 2014 orienterte fylkesrådmannen om nye reglar for differensiert arbeidsgivaravgift (RS 62/2014). Opphavleg skulle desse reglane være klar frå 01.01.2014, men blei forseinka og ikkje innført før frå 01.07.2014. Samstundes blei dei gamle reglane forlenga. I dei nye reglane fekk Tysnes og Kvinnherad gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift frå 01.07.2014 og går dermed ut av ordninga. Sidan midlane for 2014 var tildelt ut frå dei gamle reglane i mars 2014 gjaldt tildelinga også for 2014 også desse to kommunane. På bakgrunn av dette orienterte fylkesrådmannen om at den planlagde gjennomgangen av den regionale forvaltninga i Hordland blei utsett og tidlegare ordning blei vidareført også for 2014.

I meldinga 20. mai informerte fylkesrådmannen også om at ein ny forskrift om forvaltning av regionale utviklingsmidlar som kom 1. januar 2014 også omfatta kompensasjonsmidlane. Forskrifta gjorde at delar av den regionale forvaltninga måtte leggest om. Midlane måtte kunngjerast og gjerast søknadsbasert. Tidlegare skjedde utforminga av prosjekta i lokale prosessar mellom næringsliv og kommune, men utan generell søknadsmoglegheit.

Handsaming av Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014.

I tildelingsbrevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) blei det informert om dei økonomiske rammene og dei nasjonale føringane. Det er i stor grad dei same føringane for desse midlane som for dei ordinære midlane til regionalpolitisk utvikling. Midlane skal som hovudregel nyttast i dei kommunane som er omfatta av ordninga med mindre det er semje mellom partane om at midlane skal ha eit anna geografisk virkeområde. Regjeringa peikar på at det kan vere fornuftig med eit samarbeid på tvers av kommunar og regionar som er omfatta av ordninga for å få til ein positiv utvikling av virkemiddelbruken.

Etter møtet i fylkesutvalet blei styringsgruppa informert og den økonomiske ramma for 2014 blei fastlagt slik:

Statleg ramme for 2014:	kr 45 400 000
+ Renter for 2013:	kr 4 379 000
- Disponert til forvaltning:	kr 800 000
Netto disponibel ramme for 2014:	kr 48 979 000

Samstundes starta fylkeskommunen arbeidet med å utforme reglar og retningslinjer for søknadsrunden i samarbeid med Samarbeidsrådet for Sunnhordland som er sekretær for styringsgruppa. I slutten av juni blei søknadsrunden kunngjort med søknadsfrist 15. september. I den samanheng blei det lagt ut [fyldig informasjon på nettet om ordninga](#). I tillegg blei også [krav til søknad og prioriteringskriteria](#) lagt ut. Alle søknader måtte sendast via RF 13.50. Som det går fram av krava til søknad og prioriteringskriterier var det ein monaleg innstramming i forhold til tidlegare år.

Etter søknadsfristen blei søknadane handsama og prioritert av styringsgruppa for kompensasjonsmidlane og eit eige arbeidsutval og det blei utarbeidd ein samla Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014. Sakshandsaminga blei gjort av Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Hordaland fylkeskommune har deltatt som observatør i arbeidet, både i styringsgruppa og i det tilhørande arbeidsutvalet.

I slutten av november fikk fylkeskommunen oversendt Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014.

Regionalt næringsforum (RNF) har status som overordna styringsgruppe for kompensasjonsmidlane. Planen blei handsama av RNF 17. desember 2014 og det blei gjort slikt vedtak:

«RNF tilrår at fylkesutvalet godkjenner Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014.»

Kort om innhaldet i planen.

Planen er lagt ved denne saka som eige vedlegg. Planen viser kva for søknader som er prioritert og kva for søknader som ikkje er det med ei grunngjeving både av dei søknadane som er prioritert og dei som ikkje er det. Planen gir også ein kort omtale av alle søknadane. I første del av planen finn de også referert krav til søknader og prioriteringskriteria samt opplysingar om styringsgruppa.

Disponering av midlane på dei ulike prosjekta går fram av tabellen under.

FORDELING AV KOMPENSASJONSMIDLAR 2014 PÅ PROSJEKT OG TILTAK

PROSJEKT INFRASTRUKTUR	Kommune	Omtale side	2014
Bømlopakken	Bømlo		13 350 000
Kompletterande veg industrihamna Rubbestadneset	Bømlo		5 789 000
Fjerning av grunne ved kai Rubbestadneset	Bømlo		8 000 000
Infrastruktur Etne	Etne		850 000
Utviding av parkeringsplass ved Folgefonna	Jondal		235 000
Tiltak ved Steindalsfossen	Kvam		600 000
Infrastruktur Kvinnherad	Kvinnherad		11 160 000
Utbygging av mobildekning i Modalen	Modalen		200 000
Infrastruktur Tysnes – utbetring av vegnett	Tysnes		828 000
Ferjefri kyststamveg	Regionalt		200 000
Tilrettelegging for infrastruktur i Kvam	Kvam		464 000
Totalt			41 676 000
PROSJEKT KOMPETANSE	Kommune	Omtale side	2014
Eablering av regional næringshage	Kvam		200 000
KVV kompetanse III	Kvinnherad		1 000 000
Teknisk fagskule i Sunnhordland	Regionalt		1 300 000
Ungt Entreprenørskap (Kvinnherad og Bømlo)	Regionalt		400 000
Framandspråkleg opplæring	Kvam		300 000
Totalt			3 200 000
PROSJEKT ANDRE TILTAK	Kommune	Omtale side	2014
Hardangerbadet	Kvam		4 000 000
Totalt			4 000 000
ADMINISTRASJONSKOSTNADAR			
Administrasjon av styrings.gr/arbeidsutval			103 000
Samla sum fordelt			48 979 000

Av planen går det fram at styringsgruppa har gjort følgjande vurdering av dei ulike prosjekta som er prioritert. Sjølv om den skriftlege vurderinga er kortfatta, ligg det til dels omfattande diskusjonar og vurderingar i styringsgruppa / arbeidsutvalet og sekretariatet bak.

Infrastrukturprosjekt:Bømlopakken.

Prosjektet fell inn under kriteria for bruk av kompensasjonsmidla som eit tiltak inn under næringsretta infrastruktur. Søknaden er ein tilleggssøknad til Bømlopakken.

Kompletterande veg industrihamna Rubbestadneset

Prosjektet er eit av fleire prosjekt i utvikling av Rubbestadneset som næringshamn, og fell inn under satsingsområda både i Regional næringsplan for Hordaland og Bømlo sin strategiske plan.

Betre tilgjenge vil gje betre og meir effektiv logistikk. Lønsemd og tryggleik vil vera ein effekt av prosjektet som og vil gje grunnlag for nyetableringar. Hovudkriteriet er næringsretta infrastruktur.

Fjerning av grunne ved kai Rubbestadneset

Prosjektet er forankra i kommune og næringsliv og fell inn under kriteria for bruk av midlane – då dette er eit næringsretta infrastrukturtiltak. Prosjektet vil vera til nytte for fleire etablerte bedrifter, men også for utvikling av nye. Hovudkriteriet er næringsretta infrastruktur.

Infrastruktur Etne

Dette prosjektet kjem inn under næringsretta infrastruktur.

Utviding av parkeringsplass ved Folgefonna

Utvikling av reiselivet er i tråd med nasjonal, fylkeskommunal, regional og kommunal strategi for næringsutvikling. Hovudkriteriet er næringsretta infrastruktur.

Tiltak ved Steindalsfossen

Anlegget er eit viktig reisemål og innfallsport til turistveg Hardanger. Ei ferdiggjering av anlegget er med på å heva kvaliteten på reisemålsopplevinga. Reiseliv er eit satsingsområde i Hardanger og ei støtte vil felle inn under kriteriet næringsretta infrastruktur.

Infrastruktur Kvinnherad

Prosjektet er klart innanfor kriteria, fell blant anna inn under næringsretta infrastruktur. Næringslivet i Kvinnherad har prioritert tiltaka.

Utbygging av mobildekning i Modalen

Dette er eit tiltak som fell inn under næringsretta infrastruktur og kompensasjonsmidlane kan nyttast. Det må leggjast til grunn for ei løyving at kommunen får ein forpliktande avtale med operatør-

Infrastruktur Tysnes – utbetring av vegnett

Prosjektet er klart innanfor kriteria næringsretta infrastruktur. Søknaden om midlar for 2014 er lågare enn ramma til Tysnes. Ramma vert lagt til grunn for tildelinga.

Ferjefri kyststamveg

Realisering av ferjefri kyststamveg mellom Aksdal – Bergen vil opna nye moglegheiter for næringslivet i Sunnhordland. Prosjektet fell inn under kriteriet næringsretta infrastruktur.

Tilrettelegging for infrastruktur i Kvam

Her er det ingen vurdering eller grunngeving i sjølve planen. Samarbeidsrådet har i ettertid sendt denne orienteringa om prioritering av midlar til dette:

«Etter at kompensasjonsmidlane var lyst ut gjekk bedriftsgruppa i Kvam igjennom søknadane og gjorde ei prioritering av desse. Gruppa sa også at dersom det var midlar avsett til Kvam som ikkje vart nytta, skulle desse midlane nyttast til infrastrukturtiltak, jamf. tidlegare planar for bruk av kompensasjonsmidlar. Då arbeidsutvalet hadde ein gjennomgang av søknadane vart fleire av dei prioriterte søknadane frå Kvam vurderte til ikkje å koma inn under kriteria for bruk av midlane. Dette fekk Kvam tilbakemeldingar om, og hadde ein ny gjennomgang. Til møte i styringsgruppa kom det nye argument for Kvammabadet, slik at prosjektet tilfredsstillir kriteria og vart teke med i planen med 4.mill kroner. Dei resterande midlane i Kvam vart avsett til infrastruktur. Det er ikkje søkt om midlar til infrastruktur gjennom regionalforvaltning, då bedriftsgruppa hadde prioritert midlar til ulike prosjekt som ikkje kom inn under infrastruktur, men teke høgde for at noken av prosjekta kunne bli avslegen. Det var difor ikkje noko konkret sum å søkja om.

Sekretariatet føreslår difor at Kvam må leggja inn ein søknad i regionalforvaltning etter at planen er godkjent i fylkesutvalet. Då veit ein den endelege summen.»

Kompetanseprosjekt.Etablering av regional næringshage

Etablering av næringshage fell innunder kriteriet næringsretta utviklingstiltak og er innafor kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar.

KVV kompetanse III

Kompetanse er eit sentralt tema i Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland, og dette prosjektet vil vera med på å få fleire med relevant kompetanse i Kvinnherad. Søknaden fell inn under kriteria for bruk av midlane, då dette er eit næringsretta utviklingstiltak.

Teknisk fagskule i Sunnhordland

Teknisk fagskule fell inn under næringsretta utviklingstiltak og kompetanse er ei satsing i Regional næringsplan for Hordaland. Det er ein føresetnad for løyvinga at Hordaland fylkeskommune v/ opplæringsavdelinga løyver omsøkte midlar.

Ungt Entreprenørskap (Kvinnherad og Bømlo)

Ungt entreprenørskap er eit nasjonalt, regionalt satsingsområde og fell inn under kriteria for bruk av midlar, stikkord er blant anna kompetanse og næringsretta utviklingstiltak.

Framandspråkleg opplæring

Språkopplæring er eit viktig tiltak for integrering og for at folk i arbeidsfør alder kan få arbeid. Søknaden fell inn under kriteria for næringsretta kompetanse.

Andre prosjekt.Hardangerbadet

Prosjektet er forankra i kommune og næringsliv og fell inn under kriteria for bruk av midlane – då dette er eit næringsretta infrastrukturtiltak. Kompensasjonsmidlane skal gå til den kommunale delen i prosjektet. I dette ligg at symjebassenget skal vera offentleg og at det er Kvam kommune sin del i finansieringa kompensasjonsmidlane skal nyttast til.

Prosjekt som ikkje er prioritert.

I kapittel 9 i planen er det gjort ein oppsummering og vurdering av dei prosjekta som ikkje blei prioritert. Nedanfor er heile kapitlet gjengitt. Totalt dreier det seg om 16 prosjekt.

9.1 Nytt produksjonsstyringsverktøy/rekneskapsprogram – søkjar MCE AS

MCE er lokalisert i Etne, har 42 tilsette på heiltid og 2-3 på deltid. Bedrifta produserer stål og aluminiumskonstruksjonar.

Søknaden gjeld omlegging til produksjonsstyringsverktøy "PIMS" med inkludering til rekneskapsystemet Visma Business, samt oppgradering til ISO 9001 kvalitetsstyring og CE godkjenning for stålleveransar.

Vurdering i høve til kriteria

Søknaden er frå ei enkeltbedrift og gjeld omlegging til nytt produksjonsstyringsverktøy, Søknaden har låg grad av innovasjon og går i stor grad på områder som fell inn under drift, og kjem ikkje inn under kriteria for bedriftsinterne innovasjon, kompetanse- og omstillingstiltak. Difor vert søknaden vurdert til å ikkje stetta krav til å verta anbefalt til å gå vidare til Innovasjon Noreg.

9.2 Grovfor og gjødsling i pluss – søkjar Norsk landbruksrådgivning, Øystese

Etter analysing og vurdering av drifta på mjølkeproduksjonsbruk i Kvinnherad, skal det utarbeidast handlingsplanar for kvar prosjektdeltakar slik at gjødslinga vert meir optimal, avlingane aukar og lønsemda vert betre.

15-20 mjølkeprodusentar vert inviterte til å delta.

Prosjektmål:

- Prosjektdeltakarane skal i løpet av prosjektperioden auka utflyttinga av nitrogen og fosfar i produksjonen med 5%.
- Grovforavlingane skal i gjennomsnitt auka med 5%
- Dekningsbidraget i produksjonen skal auka med 1000 kr. pr. årsku

Dette prosjektet vil kunna gje auka lønsemd hjå produsentane, auka motivasjon til å halda fram som produsentar og til å rekruttera unge bønder til å ta over.

Vurdering i høve til kriteria

Eit av kriteria for bruk av midlane er at prosjekt som ikkje vil oppnå finansiering i det ordinære verkemiddelapparatet i regi av fylkeskommunen, Innovasjon Norge, regionråda eller kommunane vil bli prioritert. Styringsgruppa meiner at det kan vera andre støtteordningar til finansiering av dette prosjektet og søknaden vert difor avslegen.

9.3 Kafè og servicetenester på Mundheim – søkjar Kjersti Kildal og Karl Erik Berge

Eit tiltak som skal ha namnet BOLLAR, BRINGEBÆR OG BÅT vert freista etablert på Mundheim av Kjersti Kildal og Karl Erik Berge. Det skal driva sommarkafè, butikk for gardsmat, kunsthåndverk m.m. og båtutleige frå den tidlegare skulebygningen på Mundheim. Planen er å starta opp sommaren 2015. I søknaden står det at prosjektet har ei kostnadsramme på kr 300.000,-, men det er i budsjettet sett opp 1.2 mill som søknadssum.

Vurdering i høve til kriteria

Søknaden gjeld direkte støtte til etablering av ei enkeltbedrift. Dette er utanom kriteria for bruk av midlar, då enkelbedrifter må ha en samla lønskostnad på over kr. 15 mil.kroner. Søkjar kan også ha moglegheiter for støtte gjennom det ordinære verkemiddelapparatet. Styringsgruppa meiner at søknaden fell utanom kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar .Hovudkriteriet for avslag er at søknaden kjem frå ei mindre bedrift som også har moglegheit for støtte gjennom det ordinære verkemiddelapparatet..

9.4 Bygningsmessig utviding – søkjar Kvam Fruktlager

På Kvam Fruktlager er det 10 firma som har lokale/kontor i det som alt er ein vel fungerande næringshage. No vert det søkt om å etablere dette som ein regional næringshage for Hardanger innan det statlege SIVA sitt næringshageprogram. Då må det gjerast bygningsmessige utbyggingar med fleire kontor, ny heis og ventilasjonsanlegg og ny inngang tilpassa funksjonshemma.

For næringslivet vil det vera viktig å få etablert SIVA og Innovasjon Norge i regionen. Det vil gje enklare tilgang på rådgjeving og konsulent tenester og ein stad der gründerbedrifter kan få kontorplass og nødvendig hjelp i ein oppstartfase. Hovudkontoret for Næringshagen i Hardanger AS vil bli i Kvam, men aktivitet og medlemsbedrifter vil den ha i heile Hardanger.

Samla investeringskostnad er budsjettert til litt over 4.0 mill kr. Av dette er det søkt om å få dekka 1.5 mill frå kompensasjonsmidlane.

Vurdering i høve til kriteria

Søknaden gjeld tilrettelegging for næringsretta utvikling, men søkjar er ein enkelbedrift som søker om investeringar i bygningar for å kunna leiga ut til næringshagen. Investeringar i bygningar fell utanom kriteria

for bruk av midlane. Hovudkriteriet for avslag er at dette er investeringar i bygningar for utleige og ikkje næringsretta utvikling.

9.5 Hardanger Åtgaum. Arrangements-koordinator – søkjar Bygdagnist AS

Det skal dannast eit selskap som skal samordna ulike kultur- og aktivitets arrangement i Hardanger og syta for at desse får marknadsføring og mediadekning. Tiltaket vil utan tvil dekkja eit etterlengta behov i Hardanger. Søkjar for prosjektet er selskapet Bygdagnist AS ved Arne Kristian Teigland. Han har mellom anna erfaring som leiar og initiativtakar av festivalen Bygdalarm og som leiar av grunnlovsfeiringa Hardanger 2014 og har der vist både vilje og evne til å gjennomføra slike oppgåver. Budsjett viser kostnader på 1.2 mill i 2015 og av dette er kr 200.000,- søkt dekkja gjennom tilskot frå kompensasjonsmidlane.

Vurdering i høve til kriteria

Søknaden er frå eit selskap som søker om midlar til ein arrangement skoordinator. Søknaden er frå ei enkelbedrift som ikkje har lønsutgifter på over 15 mill. kroner. Søknaden er innafor eit område som og har moglegheit for støtte gjennom det ordinære virkemiddelapparatet.

9.6 Bygningsmessig utbygging – søkjar Norheimsund Friskule

Norheimsund Friskule er ein privat grunnskule med særleg vekt på eit kristent verdigrunnlag i undervisninga. Den har 27 elevar og er no lokalisert i den tidlegare Vikøy-Aksnes skule som vart kjøpt frå Kvam herad i 2013. For å få godkjent bygningen til skulebruk har ein vore nøydd å installera heis, ventilasjonsanlegg og foreta ei generell opp-pussing. Det er investert ca 2,0 mill i skulen så langt og det som no står att er budsjettet med ein kostnad på 1,0 mill.

Vurdering i høve til kriteria

Søknaden går på investeringar i bygg og fell utanom kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar.

9.7 Ny idrettshall på Husnes – søkjar Idrettslaget Trio

Søknaden gjeld delfinansiering av ny idrettshall på Husnes. Eksisterande hall har sprengd kapasitet. Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett, og friluft omtalar at anlegg i Husnes idrettspark kan få status som regional, interkommunalt anlegg fram mot 2020.

Næringslivet i Kvinnherad er opptekne av at ein regional status for idrettssenteret på Husnes, der ein ny idrettshall vil vera av stor betydning for å utvikla Kvinnherad som ein attraktiv stad å bu og arbeida i.

Det er søkt om kr. 5 000 000,- frå kompensasjonsmidlar 2014.

Vurdering i høve til kriteria

Fylkespolitikarane har gjeve sterke signal om at bruk av midlar til idrett og kultur er stramma inn, og at slike søknader må ha ein særleg dokumentasjon om næringsretta relevans. Styringsgruppe meiner at dette er ein søknad som ikkje kan dokumentera næringsretta relevans og har ikkje innstilt på å støtta søknaden.

9.8 Halsnøy historiske senter - søkjar Halsnøy historiske senter

Søknaden gjeld delfinansiering for å få på plass Halsnøy Historiske senter. Føremålet med senteret er å ta vare på historia, kulturen og samstundes vera ein læreplass for unge generasjonar som vil få innsikt i og læra praktiske fag. Historia går frå den første busetnaden og fram til noverande industri. Ei målgruppe for senteret er praktisk anlagt ungdom som ikkje passar inn i det offentlege skulemønsteret, for å gje dei ei framtid. HHS er organisert som ei stifting.

Prosjektet har ein kostnad på 58 000 000 og er tenkt finansiert med dugnad, eigenkapital, private bidragsytarar mf. på kr. 36 500 000, og kr.7 000 000 i kommunale og fylkeskommunale bidrag. Det er kalkulert med kr. 7 000 000 i kompensasjonsmidlar fordelt på 3 år. For 2014 kr. 3 000 000.

Vurdering ut i frå kriteria

Slik søknaden føreligg er det eit tydeleg fokus på opplæring/tilbod til ungdom som fell frå i det ordinære utdanningssystemet. Søknaden ligg i grenseland mellom IN og kompensasjonsmidlar sine kriteria for støtte ved at søkjar er eit stifting og at den har fokus på kultur og kompetanse. Søknaden seier ingenting om drift av senteret. Styringsgruppa meiner at dette prosjektet vert vanskeleg å realisera, har liten næringsretta relevans og at det er vanskeleg å sjå korleis senteret skal driftast. Søknaden vert ikkje stetta.

9.9 "Møt skolen II – søkjar Kvinnherad vg. skule/

Det vert rekruttert gjesteførelsarar inn i ein database som vidaregåande skule og ungdomskulen kan nytta. Gjennom databasen kan skulane få gjesteførelsarar som har kompetanse innan enkeltemner i læreplanen og kan lett kopla teori og praksis.

Gjennom prosjektet vil ein få gode høve til å betra kvaliteten på opplæringa gjennom eit nært samarbeid. Næringslivet er positive til å bidra.

Kostnad er sett til kr. 300 000 der det vert søkt 100% finansiering frå kompensasjonsmidlar.

Prosjektet har i perioden 2010-2013 motteke kr. 2 517 000 til utvikling av prosjektet.

Prosjekteigar er KVV, men prosjektet vert gjennomført av Kvinnherad næringssservice.

Prosjektet det no vert søkt om skal undersøkjja og leggja til rette for eit betre samarbeid mellom arbeidslivet og elevar i vidaregåandeskular, gjennom å etablera eit system for bruk av fagfolk frå arbeidslivet som førelsarar i skulen.

Vurdering opp i mot kriteria

Prosjektet har fått støtte til utvikling sidan 2010 og vert vurdert til å vera komen inn i ein driftsfase. Styringsgruppa går ikkje inn for støtte til prosjektet. Hovudkriteriet er at prosjektet er komen over i ein driftsfase.

9.10 Gründerånd – søkjar Kvinnherad næringssservice

Prosjektet skal sjå på om det er forskjellar i gründerånda i dei ulike bygdene i Kvinnherad, og mellom eldre gründerar versus yngre. Eit mål i prosjektet er ynskje om å skapa merksemd kring den viktige rolla gründerane har for oppbygging av eit lokalsamfunn, samt kommunen si rolle med tilrettelegging.

Søkjar vil gjera ei kvalitativ undersøking blant suksessfulle gründerar for å sjå kva som har drive dei fram til å skapa noko i lokalsamfunnet. I tillegg ynskjer dei å sjå på kva kommunen kan bidra med i lokalsamfunnet og korleis den kan tilretteleggja for eit berekraftig lokalsamfunn.

Prosjekt målet:

Prosjektet skal gjennomføre intervju med utvalde gründerar, som skal filmast, samt publisering i lokalavisa.

Prosjektet skal auka engasjementet rundt det å starta eiga verksemd.

Kostnaden er kalkulert til kr. 150 000,-. 100% finansiert av kompensasjonsmidlar.

Vurdering opp i mot kriteria

Prosjektet kan gje ein god dokumentasjon på gründermiljøet i Kvinnherad, men det er usikker kva effekten prosjektet vil ha i høve til nyetableringar. Prosjektet kan delvis forsvareast som eit næringsretta

utviklingstiltak. Det er søkt om 100% finansiering frå kompensasjonsmidlar. Styringsgruppa vil ikkje støtta prosjektet med midlar.

Hovudkriteriet er at prosjektet har liten næringsretta relevans.

9.11 Levande bygder – søkjar Kvinnherad næringssservice

Søkjar søker støtte til arbeidet med å driva, samla og motivera bygdene i Kvinnherad til å finna sin identitet og arbeida konstruktivt rundt dette. Hovudtiltak er identitet, trivsel og næringsutvikling.

Prosjekt målet:

Kvinnherad Næringssservice ynskjer dei levande bygdene og gjennom positiv identitetsbygging i kvar bygd, vil kommunen få ei positiv samfunnsutvikling. KNS vil skapa nettverk mellom bygdelaga i kommunen. Det å få synleggjort Kvinnherad som kommunen med dei levande bygdene vil gjera staden til ein attraktiv plass å bu, arbeida og feriera i. Håpet er og at dette kan vera med på å motivera til innovasjon og nyskaping ved at ein ynskjer å skapa noko der ein bur og trives.

Prosjektet er godt forankra i kommunen, og det er lagt opp til fellesmøte med bygdalag, frivillige og eldsjeler mm. Prosjektperioden er frå 1 januar - desember 2015.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr. 400 000, der 100% er finansiert av kompensasjonsmidlar.

Prosjektet virka ganske omfattande, men med eit heilt klart mål – auka aktivitet, annerkjenning, inspirasjon og ikkje minst finna Kvinnherad sin identitet.

Prosjektet er ei anna tilnærming enn HFK sine satsingar gjennom lokalsamfunnsutvikling LUK og Liv og lyst prosjekta.

Vurdering opp i mot kriteria

Det er positivt at dette prosjektet femnar om heile kommunen – og at det er initiert i kommunen. Kostnaden er sett til kr. 400 000 der 100% er finansiert av kompensasjonsmidlar.

Styringsgruppa meiner at søknaden fell utanom kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar, og vil difor ikkje stetta søknaden. Hovudkriteriet er at det har liten næringsretta relevans.

9.12 Marknadsføring – søkjar Stiftinga Hardanger kunstsule (HAKU)

Skulen starta opp i januar 2013 og er ein privat skule lokalisert til Norheimsund. Den får økonomisk støtte til drifta frå staten der storleiken på støtta vert fastsett på grunnlag av elevtalet. Ein ligg no i eit grenseland for eit elevtal som kan sikra balanse i drifta og det må gjerast eit marknadsføringsarbeid for å retta på dette.

Skulen har tidlegare fått støtte frå kompensasjonsmidlane med kr 600.000 i samband med oppstarting.

Kvam herad har profilert seg som ein attraktiv stad å bu for kunstnarar og mange av desse har ved sida av eigen kunstproduksjon og arbeid som lærarar/instruktørar på HAKU. Å sikra framtida til skulen vil dermed også ha betydning for desse. Det er søkt om kr 300.000,- i støtte no i 2014 og kr 150.000 i 2015 og kr 100.000 i 2016.

HAKU er framleis i ein etableringsfase og ei støtte til marknadsføring for å få auka elevtalet kan vera avgjerande for framtida til skulen.

Vurdering opp i mot kriteria

Søknaden er i frå ei bedrift som ikkje oppfyller kravet om lønskostnader på over 15.mill. kroner og går på støtte til marknadsføring. Marknadsføring fell inn under drift og kan ikkje støttast.

Styringsgruppa vurderer at søknaden fell utanom kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar går inn for at søknaden ikkje vert stetta. Hovudkriteriet er at søkjar ikkje fyller krava som vert stilt for å søkja.

9.13 Koordinator skule/næring – søkjar Norheimsund vg. skule

Skulen søkjer om støtte til ein stilling som koordinator for skule/næringsliv med bakgrunn i at ein ynskjer å auka søknaden til yrkesfagleg opplæring. Personen i denne stillinga skal samarbeida med rådgjevarane i ungdomsskulane slik at elevane der kan har eit godt grunnlag for å velja rett utdanning i vidaregåande skular. Det vert søkt om kr 600.000 årleg i 3 år.

Søknaden frå Norheimsund vgs vart levert innan fristen den 15. september (kl 16.10) på e-post til Kvam Næringsråd, med ikkje lagt inn på datasystemet **regionforvaltning.no** slik det heilt tydeleg var sett opp som krav då tilskotsordninga vart utlyst.

Vurdering opp i mot kriteria

Søknaden er ikkje registrert på regionalforvaltning.no Styringsgruppa meiner at søknaden ikkje er sendt i tråd med kriteria for utlysinga av kompensasjonsmidlar og søknaden vart ikkje handsama.

9.14 Ny publikumsinngang – søkjar Hardanger og Voss Museum

Hardanger Fartøyvernssenter (HFS) er ei avdeling av Hardanger Voss Museum, og den fremste attraksjonen i Norheimsund, ved sida av Steinsdalsfossen, for turistar og andre reisande. Det er ca 50 tilsette på HFS som ved sida av ei kommersiell verksemd med restaurering av eldre fartøy også har også ei viktig rolle i å formidla kunnskap om maritim kultur og handtverk.

Det har no kome ein ny gangveg, Strandvegen, mellom Norheimsund og HFS og dette har gjort det naudsynt å laga ein ny publikumsinngang i tilknytning til denne. Her skal det også lagast ein lett tilgjengeleg kafé som kan dra fleire besøkjande inn på museet. Den freda veteranferja MF Folgefonn vil verta plassert nær den nye publikumsinngangen.

Av den totale kostnaden på nær kr 9.3 mill er det søkt om kr 1,5 mill frå kompensasjonsmidlar.

Vurdering opp i mot kriteria

Søknaden går på å bygga ein ny publikumsinngang ved Fartøyvernssenteret.

I kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar er det i 2014 presisert at søknadar som er innafor områda kultur og idrett er stramma inn og at det til slike søknadar vert stilt krav til dokumentasjon på næringsretta relevans. Styringsgruppa vurderer at eit tilbygg ved senteret har lite næringsretta relevans, og at søknaden difor ikkje vert stetta.

9.15 Støtte til utbetring av kommunal veg - søkjar Melstveitåsen veglag

Ca 42.000 m³ tømmer i Melstveitåsen nærmar seg hogstmoden alder og må transporterast ut med bil. Det vert no planlagt ei utbygging av eksisterande skogsveggar til klasse 4, slik at ein kjem fram med bil og hengar. Lengda på denne vegen vil bli ca 8 km. Denne private utbygginga av skogsbilvegane vil verta dekkja av skogeigarane og gjennom statlege tilskot.

Det største problemet er at den kommunale vegen frå FV7 opp til Melstveit har nokre krappe svingar der ein ikkje kjem forbi med lastebil og hengar. COWI har kalkulert kostnaden med ei utbetring ved Smalanåse og Kaldekrok til 2,2 mill kroner og denne er ikkje kome inn på kommunale budsjett. Det er nyttelaust med ei stor utbygging av skogbilvegen før den kommunale vegen er utbeta. Det er søkt om tilskot på kr 1,0 mill frå kompensasjonsmidlane.

Vurdering opp i mot kriteria

Tiltaket er eit infrastrukturtiltak der den kommunale delen ikkje kjem innunder andre ordningar, slik som skogsbilvegen. Styringsgruppa meiner at denne kostnaden eventuelt kan finansierast gjennom midlar som vert avsett til infrastruktur i Kvam, men at dette er ei prioritering som må gjerast av Kvam kommune.

9.16 TERS – teknologi og realfag i skulen – søkjar Kvinnherad vidaregåande skule

I Kvinnherad er det i perioden 2005 – 2007 gjennomført eit prosjekt "Realfagprosjektet TERS". Målet med prosjektet har vore å få til auka interesse for realfag, og målgruppa har vore ungdomsskulen. Frå 2009 til 2013 har realfagprosjektet TERS 1 vore gjennomført med tilsett leiar og administrert frå Kvinnherad vidaregåande skule.

TERS er eit realfagsamarbeid mellom skule og næringsliv i Kvinnherad, med tanke på å sikra verksemdar i regionen relevant arbeidskraft innafor tekniske fag. Midlane er brukt til stimulering og utvikling av realfag i grunnskulen og vidaregåande skule utover det som er naturlege oppgåver for kommune og fylkeskommune.

Det er stilt spørsmål om denne søknaden er ein rapport frå tidlegare tildelingar og ikkje ein søknad. Prosjektleiar stadfestar at dette er ein søknad og den er difor handsama ut i frå dette.

Prosjektet har i 2014 ei kostnadsramme på kr. 2 100 000, og er tenkt 100% finansiert av kompensasjonsmidlar.

Vurdering opp i mot kriteria

Prosjektet har fått støtte sidan 2005 og vert vurdert til å vera komen inn i ein driftsfase.

Styringsgruppa går ikkje inn for støtte til prosjektet. Hovudkriteriet er at prosjektet er komen over i ein driftsfase.

Vurdering:

Fylkesrådmannen har gått gjennom planen. Så langt ein kan sjå er det ikkje gjort prioriteringar som er i strid med nasjonale eller regionale regler og retningslinjer. Dei prosjekta som er prioritert samsvarar med nasjonale og regionale mål og strategiar for bruk av denne typen utviklingsmidlar. Prosedyrekrav knytt til utlysing og sakshandsaming ser også ut til å vere følgt. Planen er godkjent styringsgruppa og Regionalt næringsforum tilrå at fylkesutvalet godkjenner planen.

Med den prosedyren som blir foreslått av Samarbeidsrådet for Sunnhordland fylkesrådmannen tilrå at «unytta» midlar i Kvam blir brukt til infrastruktur. Så langt eg kan sjå er det heller ikkje nokon formelle grunnar til at det ikkje kan nyttast kompensasjonsmidlar til badeprosjektet i Kvam med dei presiseringane som går fram av planen om at midlane skal nyttast til sjølve bassengdelen som eit offentleg infrastrukturprosjekt i regi av Kvam kommune.

Fylkesrådmannen vil tilrå at Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014 blir godkjent slik den ligg føre.

I fylkesutvalet sitt vedtak frå februar 2014 blir det bedt om eit forslag til forvaltning av kompensasjonsmidlane for perioden 2014 til 2020. I ei melding til fylkesutvalet i mai 2014 orienterte eg om at kvifor denne vurderinga burde utsettast til etter at planen for kompensasjonsmidlane for 2014 er handsama. Fylkesrådmannen vil nå sjå nærare på erfaringane med det forvaltingsregimet som har vore i Hordaland sidan 2007 og komme attende til fylkesutvalet med eit forslag til forvaltingsregime for perioden 2015 til 2020.